	Hulen Bergen Olaf Ryes veg 48 5006 Bergen Tlf: 55323131 hulen@hulen.no www.hulen.no	Kontaktpersonar: Leiar: Solgunn Slåtto (tlf: 93832734) solgunn@hulen.no Vaktansvarleg: Siri Margrethe Nafz (tlf: 48151114) siri.nafz@hulen.no
---	---	--

Justisdepartementet
 Postboks 8005, Dep
 0030 Oslo

Høyringsfråsegn frå Hulen:

Høyring – forslag til ny vaktverksemdforskrift

Innleiing og bakgrunn

Hulen er studentarrangør med rundt 120 arrangement i året – der rundt 80 av dei er konsertar. Stifta i 1969 er Hulen ein av Noregs eldste konsertscenar, og er alltid blitt drifta av studentar på frivillig basis. I 2009 var besøkstalet på bortimot 30.000. Lokalet har ein kapasitet på 350 menneske. Det arbeidande styret arbeidar frivillig på lik line som resten, det er berre teknikarar og forretningsførar som får løn.

Vaktverksemda til Hulen

Av dei rundt 140 frivillige, er 40 i vaktgruppa. Desse står for billett-, legitimasjons- og veskesjekk i døra, kontroll på inn- og utsepp og streifing i lokalet. I tillegg til individuell innføring og opplæring av kvar vakt, held Hulen obligatorisk rutinekurs for heile vaktgruppa ein gong i semesteret. Her går vaktansvarleg frå styret gjennom lovar og reglar ein må halda seg til som vakt, skjenkelova og teikn på rusmisbruk. I tillegg vert det halde obligatorisk brann- og evakueringskurs kvart semester, som er obligatorisk for alle som jobbar kveldstid. Dette er innhaldsrike kurs som inneheld både teoretisk gjennomgong og praktisk øving.

På kvart arrangement har me ein vaktleiar, som er godkjend ordensvakt av Opplysningskontoret for hotell- og restaurantfag i Hordaland. Hulen betalar for dette kurset, og det er Skjenkekontoret som stiller krav om godkjende ordensvaktar. For kursskildring, sjå <http://www.reisos.no/Kurs/Kursforordensvakter/tabid/471/language/nb-NO/Default.aspx>.

Me har svært få tilfelle av ordensproblem og vald blant våre gjester. Politiet har til no i år blitt tilkalla to gonger – begge gongene har dei aldri rukke å komma, og begge gongene har Hulen sine egne vaktar ordna opp. Politiet er svært nøgd med Hulen og den vaktordninga som finst i dag. Bergen sentrum politistasjon kan kontaktast for stadfesting.

Kulturell profil

Hulen er blant konsertarrangørane i Bergen med høgast arrangementsfrekvens, og utgjer ein svært viktig og tradisjonsrik kulturinstitusjon i byen. Me har eit dedikert publikum som samlast rundt ei felles oppleving: konserten. Det er det som er hovudfokuset for både gjester

og tilsette. Alkoholservering er eit tilbehør, men ikkje hovudmålet med å gå ut på Hulen. Dei frivillige på jobb er både mange og observante, og slik har ein god oversikt over gjestene.

Den sosiale forankringa og den stadskompetansen som våre frivillige sit med, er uunngåeleg når ein snakkar om vakthaldet på Hulen – og også mange andre studentstader. Det at vaktane møter gjestene med same språk, og likestiller seg med dei, er svært verknadsfullt og effektivt. Ein bruker heller overtydande ord og to minutt ekstra enn å kasta ut gjester med fysisk makt. I tillegg er gjestene oftast klar over at staden vert drive frivillig, at vaktane står i døra fordi dei ser verdien det har – ikkje for dei ekstra lommepengane det gir. Alt dette gir ei felles forståing for både gjester og tilsette på Hulen.

Hulen er også plassert utafor sentrumskjernen, som gjer at me ikkje har problem med tilfeldig forbipasserande masser av folk på byen.

Konsekvensar forslaga til vaktverksemdforskriftene vil få for Hulen

Det må først understrekast viktigheita fokus på arrangementstryggleik har, dette er noko me jobbar kontinuerleg med å forbetra. Me har god kontakt med både Politiet og til dømes Norsk Rockforbund, som har tilbod om gratis skriv og kurs om temaet. Me ser likevel ikkje trongen for lovpålagt vektarutdanning blant våre vaktar, men vil heller støtta ei eventuell utviding av ordensvaktkurset.

Det vil få enorme økonomiske konsekvensar for Hulen med ei oppfølging av forskriftene slik det er lagt fram i forslaget. Drifta er tufta på non-profit, og det er stadig ei utfordring å overleva i dagens marknad med til dømes aukande artisthonorar osv.

Innleige av eksterne vektarar til kr 375/timen (tilbod frå ProSec) vil kosta Hulen kr 5250 per arrangement – då me ut frå forslaget reknar to vektarar kvart arrangement. Dette blir kr 630.000/året, noko som med dagens økonomi er umogleg. Eksterne vektarar er også noko me er kritiske til, då den sosiale forankringa interne vaktar har er ein svært viktig ressurs for oss.

Eit anna alternativ er å utdanna sine egne vaktar til vektarar. I dag har Bergen Vaktvesen ei vektarutdanning til kr 17.490. Denne reknar me med vil auka, då det skal setjast høgare krav til utdanninga, og ei tilleggsutdanning for ordensvaktar. Hulen vil til ei kvar tid måtte ha 10 vektarar, og dette blir samla på kr 174.900. I dag har me ei bindingstid på to semester for ordensvaktane, og denne summen vil då verta ein årleg utgift. Det er det avgrensa kor lenge studentar kan jobba fast når det er frivillig arbeid, og det er frykteleg synd om ei slik ordning som Justisdepartementet no kjem med, skal gjera slutt på den driftige dugnadsanda me er så heldige å ha i Noreg – både blant studentar og andre. Det vil kanskje også vera ei utfordring med kommersielle vaktelskap som tilbyr frivillige, som allereie har fått dekkja vektarutdanning av studentarrangøren, løna arbeid. Ei anna utfordring er rekrutteringa. Gratis vektarutdanning vil ikkje vera motivasjon nok for å gå gjennom ei omfattande utdanning – ved sida av det utdanningsløpet ein er i – før ein i det heile kan byrja å jobba på staden. Motivasjonen er i dag å driva ein viktig kulturinstitusjon saman, og å få mange gode konsertopplevingar gratis.

Eit tredje alternativ er å starta ein utdanningsinstitusjon for å utdanna vektarar sjølv. Hulen har, saman med Det Akademiske Kvarter, fått tilbod av Norges Handelshøyskoles Studentforening (NNHS) som har lagt opp til ein slik institusjon. Dersom dette er ein langsiktig plan og kan tilbys til den prisen som i dag er estimert, ser det positivt ut – men den manglar framleis godkjenning, og er i stor grad tufta på frivillig innsats frå kurshaldarane.

Det er også foreslått ei kraftig auke i årlege gebyr, frå kr 1.720 til kr 9.200. Også kravet til oppretting av eige føretak ein må tilsetja vektarane frå, synast urealistisk. Slik me ser det, vil dette berre føra til ekstra arbeid administrativt, og også økonomisk.

Hulen vil oppmoda om å risikoanalysa saman med både lokalt politi og uteplassane før endelege forskriftene vert vedteke. Då studentarrangørar i dag har ordningar som politiet er nøgd med, ber me om at studentarrangørar får unntak frå kravet om vektarutdanna personell. Me oppmodar likevel til ein gjennomgong og eventuell utviding av dei ordensvaktkursane som finst i dag, for å oppretthalda den tryggleiken som i dag finst på Hulen og andre studentstader.

Lenkjer

Forslag til ny vaktverksemdforskrift:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/jd/dok/hoeringer/hoeringsdok/2010/Horing-om-vaktvirksomhetsforskriften.html?id=614090>

Bergens Tidende:

<http://www.bt.no/bergenpuls/Studentkulturen-frykter-ny-vaktordning-1183232.html>

Studvest:

<http://studvest.no/kultur/p%C3%A5-vakt-ny-lov>

Universitas:

<http://universitas.no/kultur/55548/ny-vaktlov-kan-strupe-studentstedene/#6766>


Mette Hanekamphaug – etter at Hulen fremja bekymring ovanfor FrP:

<http://metteh.vgb.no/2010/11/05/frp-st%C3%B8tter-studentene-forskriftene-ma-endres/>

Bergen Student-TV:

<http://bstv.no/5179/ny-vaktordning-m%C3%B8tter-motstand/>

Med venleg helsing



Solgunn Slåtto

Leiar

Bergen, 25.11.2010

Stiftinga Hulen

Olaf Ryes veg 48

5006 Bergen

T: 55323131

M: 93832734

solgunn@hulen.no